



Tanum menighetsråd

REFERAT

Møtestad:	Servicerommet ved Tanum kyrkje
Møtedato:	25.04.2018
Tid:	18-21.30
Deltakarar:	Kjell Nilsen, Ragni Haga, Greta Karin Wibe Svendsen, Elisabet E. Romøren, Dag Johnsen, Erling Sølvik, Asle Zimmermann, Kari Espelid, Olin Ambjørnsen til og med sak 38/18, Arne H Hansen
SAKLISTE NR:	4/2018

Innkallinga godkjent og møtet sett med ny sak 41/18: GODKJENNING AV AVTALE MELLOM THOMAS OLSTAD, BDO AS OG TANUM MENIGHETSRÅD og ny sak 42/18: TRUS-OPPLÆRINGSMIDDEL TANUM/STAVERN, samt nytt punkt 7 under sak 43/18: MELDINGAR.

SAK 33/18

SAMTALE MED REDAKSJONEN I SÅMANNEN

Redaksjonen var representert ved redaktøren, Egil Lien Thorvaldsen og Asle Zimmermann.

Sidan hausten 2016 kjem bladet no i fargar, noko vi alle synest har heva standarden. Innhaldet fekk også ros. Redaksjonen prøvar å balansere stoffet mellom å ha synspunkt på saker og å formidle referat frå det som skjer i dei tre menighetane.

Egil utfordra på nytt oss i menighetsråda til å bruke Såmannen meir aktivt ved å koma med forslag til saker eller skrive sjølve. Det kom også forslag frå rådet om eventuelt å hente inn saker frå menighetsrådsmøta og/eller orientere kortfatta om det som skjer på sentralt hald i Den norske kyrkja for tida.

Frist for stoff til sommarnummeret er 17. mai.

SAK 34/18

GODKJENNING REFERAT FRÅ MØTET 14.03.2018, sakliste 3/2018

Vedtak: Referatet einstemmig godkjent.

Underskrifter protokollen: Greta Karin Wibe Svendsen og Dag Johnsen

SAK 35/18

STENING AV TANUM KYRKJE 1.11. – 1.12.2018 Sjå sak 32 punkt 5.

Dette gjeld to gudstenester, 4.11. og 18.11.

Vedtak: 4.11.: Føremiddagsgudsteneste i Stavern kl 10.30

18.11.: Lys våkengudsteneste på Tunheim kl 11.00

SAK 36/18

GUDSTENESTELISTA 2. HALVÅR 2018 F.O.M. 1.7.

Sjå vedlegg.

Vedtak: Gudstenestelista godkjennest med eit tillegg: Det blir nattverd på Lys våken-gudstenesta for 10-, 11- og 12-åringar på Tunheim den 18.11.

SAK 37/18

VAL AV NY BISKOP I TUNSBERG BISPEDØME

Heile Tanum menighetsråd på 8 personar var tilstades og stemte.

Tanum menighetsråd stemte over fylgande nominerte kandidatar til ny biskop i Tunsberg:

Kjetil Haga, domprost i Tønsberg, Ragnhild Jepsen, domprost i Nidaros, Sølvi Kristin Lewin, prost i Larvik, Jan Otto Myrseth, domprost i Bergen, Merete Thomassen, førsteamanuensis i liturgikk ved Det teologiske fakultet, Øystein Magelssen, generalsekretær i Norges KFUK-KFUM.

Resultat:

1. plass:

- 1. Ragnhild Jepsen: 4 stemmer**
- 2. Kjetil Haga : 2 stemmer**
- 3. Øystein Magelssen: 1 stemme**
- 4. Jan Otto Myrseth: 1 stemme**

2. plass:

- 1. Jan Otto Myrseth: 4 stemmer etter loddtrekning pga likt stemmetal i fyrste og andre runde.**
- 2. Kjetil Haga 4 stemmer**

3. plass

- 1. Kjetil Haga 7 stemmer**
- 2. Merete Thomassen 1 stemme**

SAK 38/18

OPPNEMNING AV UTVAL I SAMBAND MED NYTT ORGEL I TANUM KYRKJE

Vedtak:

- 1. PR-utval: Egil Lien Thorvaldsen og Tor Inge Romøren.**
- 2. Dei oppgåvene som det tidlegare økonomiutvalet hadde overført til og førest vidare av Tanum menighetsråd med Elisabet Romøren og Erling Sølvik som hovudansvarlege for å dra i gang økonomiarbeidet og samarbeidet med resten av rådet.**

SAK 39/18

FELLES UNGDOMSGUDSTENESTER I BRUNLANES OG STAVERN

Asle Zimmermann orienterte.

Vedtak: Tanum menighetsråd gjev AU mandat til å ta initiativet vidare til felles AU mellom Tanum, Berg, Kjøse og Stavern.

SAK 40/18

NIKOLSKY MALE ENSEMBLE – FORESPØRSEL OM KONSERT OKTOBER 2018

Asle Zimmermann orienterte.

SAK 41/18

GODKJENNING AV AVTALE MELLOM THOMAS OLSTAD, BDO AS OG TANUM MENIGHETSRÅD

Den nye rekneskapsføraren for menighetsbladet Såmannen, Thomas Olstad ved BDO AS hadde laga ein kontrakt for arbeidet som vart underskriven av alle medlemene i rådet.

SAK 42/18

TRUSOPPLÆRINGSMIDDEL TANUM/STAVERN

Brev frå Stavern menighetsråd om eventuell omfordeling av trusopplæringsmiddel basert på talet på barn og ungdom i dei to menighetane.

Vedtak: Tanum AU møter Stavern AU til drøfting av saka.

SAK 43/18

MELDINGAR

1. Brev frå Telemark kommunerevisjon om godkjent årsrekneskap for Tanum menighetsråd for 2017.

2. Orientering frå møtet i orgelkomitéen 5.4. og kontraktsmøtet med orgelbygger Hans Reil den 18.4. ved Elisabet Romøren. Kontrakten vart underteikna av Hans Reil og fungerande kyrkjeverge Ove Berrefjord den 18. april.

Prosjektet er så langt fullfinansiert av Fellesrådet, men bare med 17 stemmer. Det blir imidlertid lagt inn opsjon for å kunna supplere med resten av stemmene seinare, slik at det blir denne delen Tanum menighetsråd må skaffe ekstra pengar til. Det praktiske forarbeidet med å ta ned det gamle orgelet og fjerne ein del anna byggverk på galleriet må gjerast på dugnad i næraste framtid.

3. Høyring frå Kyrkerådet om justering av hovudgudstenestene i Den norske kyrkja. Orientering ved Asle Zimmermann.

4. Orientering om sjukemelding ved Kjell Nilsen.

5. Ny kyrkjeverge frå 1.8.2018: Sigrid Kobro Stensrød. Midlertidig kyrkjeverge fram til denne datoen: Ove Berrefjord.

6. Besøksteneste i Tanum? Diakoniutval?

Asle Zimmermann la inn over oss at det er eit stort behov for ei besøksteneste for eldre, både heimebuande og dei som bur på sjukeheim. Vi treng eit nytt diakoniutval som kunne ta på seg noko av dette.

7. Fordeling av praktiske oppgåver ved konfirmasjonane 5., 6. og 10. mai.

SAK 44/18

EVENTUELT

Vedtak: Greta Karin Wibe Svendsen helsar frå Tanum menighet til sokneprest Audun Haga ved avskjedsgudstenesta i Berg arbeidskyrkje søndag 29.april.